

# Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

71. ÅRG. / NR. 4 - 2017



**Erna Tolås**

Side 6 og 7

**Anton Proskurnin**

Side 10

• Andakt side 3

• Slekters gang side 19

• Gudstenestelista side 20

**DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL****Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

**Ekspedisjonstid:****Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

**Trusopplærer****Kristin Straume Audestad**

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

**Kantor James Reed**

Mobil: 41 22 49 31

E-post: james.reed@vaksdal.kyrkja.no

**Organist Anton Proskurnin**

Mobil: 48 23 29 77

E-post: anton.proskurnin@vaksdal.kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Sordalsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

*Martin Luther (eller er det Edvard Bø?) i Stamnes kyrkje 31. oktober under gudstenesta som markerte Reformasjonssjubileet hos oss. Lutherrosa oppe til høgre er teikna av elevar ved Stamnes skule.*

**No e da Jol igjen**

Desember månad er ein sær sars travel månad for dei fleste, og ikkje minst for oss som er i kyrkja. Underteikna brukar store delar av desember til å gjera klart for årsavslutninga av rekneskapsen. For om ikkje rekneskapsførar og revisor er nøgde, vert det ikkje mykje glade jul!

Heldigvis har me andre tilsette som jobbar med jolegudstenester og konsertar for store og små. For me skal trass alt endå ein gong få feira at eit barn vart født i ei lita krubbe i Betlehem. Dette barnet som har hatt ei slik utruleg innverknad på vershistoria og livet til enkeltpersonar. Den uforståelige og fantastiske historia om at Gud vart menneske.

Heldigvis skal de ikkje so store opplevingar til før ei noko stressa kyrkjeverje kjem i jolestemming. I dag gjekk det ei lita jente forbi kontorvindauga mitt. Ho song av full hals på ein julesong. Denne hadde ho nok laga heilt sjølv. Tonen var henta frå ein barnesong og teksten inneheld både nissar, Jesus, englar og Fantorangen i skjønn foreining. Etter kvart som lyden av jenta forsvann, hadde eg mest lyst å springa etter. For den barnslege stemma slo ann ein tone i meg, so eg nesten hadde gløymt. Det barnslege sitt møte med det heilage.

Med ynskje om ei fredfull adventstid og velsigna jol.

**Bjart-Magnus N. Rosvold**  
Kyrkjeverje

**Fellesrådsleiar:**

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

**Soknerådsleiarar:**

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland, tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen:

Kjersti Vetlejord Børø

tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

**Den norske kyrkja si heimeside:**[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**Bjergvin bispedømme si heimeside:**[www.kyrkja.no/bjergvin](http://www.kyrkja.no/bjergvin)**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyar:**

Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:**

VaksdalPosten

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**

Bodoni AS, avd. Hardanger, Øystese

Tlf. 46 63 09 33

**Retur til:** Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 26. februar 2018.



Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017.

## Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret. Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelige blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugget ser vi ein saufløkk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivingane. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg. Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete.

Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, svette og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er sår av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs vegggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydte frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På vegggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktoy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

*Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin*

# Min salme

Salmen eg har vald har mykje innhald rett frå kjerna av evangeliet. Eg liker å syngja salmar/songar med tekst som syner til evangeliet, Jesus og det han har gjort for oss.

Ein har så lett for å tenkja på alt me må gjera og verta fortent til, men så er det kun Jesus og det han gjorde på korset som gjeld. Og at me er elska på tross av, og ikkje på grunn av. Så enkelt, men likevel så vanskelig å ta til seg.

Fyrste verset taler klart og tydelig om at det er Jesus som har sett oss fri. Han har tatt straffa for syndene våre. Andre vers taler om våre menneskelege tankar om å gjera oss fortent til frelse, men det står ikkje på oss og våre gjerninger. Siste vers oppsummerer heile evangeliet: Kristus har kjøpt oss just som vi er.

Salmen må lesast/syngast mange gonger for å forstå og få med seg alt innhaldet.

Det er verkeleg god grunn til å syngje amen halleluja etter kvart vers!

Salmen er skreve av lekpredikant og sangforfatter Ole Brattekaas i 1895. Den står på nr. 352 i den nye salmeboka.

1. Ren og rettferdig,  
himmelen verdig  
er jeg i verdens Frelser alt nu.  
Ordet forkynner  
at mine synder  
kommer han aldri mere i hu.

Å, jeg er frelst og salig fordi  
Sønnen har gjort meg virkelig fri  
fri ifra nøden,  
dommen og døden,  
amen, halleluja!

2. Lenge jeg tenkte  
Gud ikke skjenkte  
nåde til meg, så fattig på alt  
Å måtte lide,  
kjempe og stride  
stod for mitt hjerte levende malt.  
Men i min strid, min bedring og flid,  
fantes det bare avmakt og død  
Lammet har vunnet,  
blodet har runnet,  
amen, halleluja!

3. Å hvilken nåde  
midt i all våde:  
Kristus har kjøpt oss just som vi er!  
Han måtte lide,  
kjempe og stride,  
Han måtte stå mot helvedes hær.  
Nu er vi frie - hør og gi akt:  
Synden på verdens Frelser er lagt!  
Gud nu forkynner  
nåde for synder,  
amen, halleluja!

**Gøril sende salmestafetten vidare til Inger Marie Lavik.**

# Julekonsertar i kyrkjene våre

**Onsdag 13. desember**

**Dale kyrkje kl. 18.00.** Kulturskulen sin julekonsert.

**Laurdag 16. desember**

**Vaksdal sjukeheim kl. 16.30.** Kort julekonsert med Kilden.

**Vaksdal kyrkje kl. 18.00**

Konsert med Vaksdal Musikklag, Kilden og elevar frå Kulturskulen.

**Søndag 17. desember**


**Stamnes kyrkje kl. 15.00.** Konsert med Stamnes barnekor, Blanke Messingen, Hege Eide Vik og elevar frå Kulturskulen.

**Nesheim kyrkje kl. 19.30**

Konsert med Kulturskuleelevar frå Eksingedalen. Kyrjekaffi.

**Søndag 24. desember**

**Eidsland kapell kl. 13.00.** Me syng jula inn.



## Velkommen til lys-konsert 2. joledag

**Tysdag 26. desember kl. 19.00** i Vaksdal kyrkje skal me har ei kort lys-konsert med to unge songarar frå Voss. **Malena Breistein** (sopran), er student ved Conservatorium Maastricht og **Dorthea Bergo** (mezzosopran), er student på NTNU. Dei to skal syngja kjende songar av komponistar som Bach, Faure, Puccini, Grieg, med fleire. Dei skal ha med seg kantoren vår James Reed på piano.

*Konserten er gratis, det vil bli tatt opp offer til kyrkjemusikals arbeid i Vaksdal.*

So medan pinnekjøtt, ribbe, riskrem og anna jolemat vert fordøydd, kan du ta med deg ein god ven og komma til Vaksdal kyrkje for ei kulturell oppleving. Kva er betre enn å avslutta jolehøgtida med koseleg og varm musikk.

Me vonar at du/de kjem på konsert og støttar opp om desse to flotte damene med store talent innan song og musikk! Alle er hjertelig velkomne, til konsert i **Vaksdal kyrkje 2. Joledag kl. 19.00.**



Malena Breistein



Dorthea Bergo

# Aktive Erna

På Vaksdal bur Erna Tolås. Ho er ei dame som gjerne stiller opp for andre. Det kan vere å vitje sjuke og einsame, eller ta eit tak når noko praktisk skal gjerast. Ho har og i mange år tidlegare teke seg av dei eldste i familien, slik som då dei hadde svigerfaren buande hos seg og stelde han i 35 år. Og trass i at ho fyller 85 år i byrjinga av februar er Erna framleis i full aktivitet!

Kyrkja på Vaksdal er omtrent på same alder som Erna. -Eg var den fyrste som vart døypt i kyrkja. Det vil seie: Me var to som vart døypte den gongen, eg og ein gut som heitte Simon. Kyrkja vart vigsla 7. april 1933, og me vart døypte to dagar etter. Det var faren min som laga døypefonten, så difor har eg alltid hatt eit særskild forhold til dåpsdagen min.

## Aktiv

Og framleis er ho mellom dei som trufast kjem til gudstenste og møter - viss ho ikkje er på reisefot, då. Dei fire borna bur spreidde rundt om, og lengst borte er Anders Magne. Han er prest i Gøteborg, der han bur saman med kone og born. Erna har alltid vore med i arbeidet både i bedehus og kyrkje. Dei siste åra det var pinsekyrkjelyd på Vaksdal var ho med Trygve og Annemor og hjelpte til med det praktiske i Tabernaklet. I si tid var ho med og dreiv barneforeining i prestebustaden saman med blant andre prestekona. Mange vil nok og hugse stemma hennar frå Radio Vaksdal, der ho var med i mange år. Dei seinaste åra

har ho og engasjert seg i pensjonistarbeidet på Vaksdal, og vore med i styret der.

*"Det kjentes som at Jesus tok imot meg, og gav livet mitt nytt innhald."*

## Vekking

I 1950 var det vekking på Vaksdal, og mange tok eit standpunkt for Jesus den gongen. Erna var mellom dei. -Det var mange som gjekk på desse møta, og eg hugsar ennå den særskilde atmosfæren. Eg var tiltrekt av budskapet om å gje livet mitt til Jesus, og kjende at dette ville eg ha med meg. Så eg bøygde kne for Jesus. Det kjentes som at Jesus tok imot meg, og gav livet mitt nytt innhald, seier ho.

- Og det har halde, sjølv når livet har røynd på - og då manneN min, Arvid, døydde. Eg har opplevd å få gå i det som Bibelen kallar ferdiglagde gjerningar, og opplever stadig at om ei dør vert lukka er det ei ny som opnar seg.

## Bibelgruppa

Erna er med i ei bibelgruppe, og har vore det sidan dei starta for 25 år sidan.

- Det var Kjell Arne Norum som tok initiativet til denne gruppa. Me kom i lag, og etter fyrste samlinga sa Kjell Arna at «no må de drive denne bibelgruppa sjølv!» Og det har me gjort. Me har vore 11-12 medlemmar i gruppa, nye har kome til etter kvart som andre har falle ifrå. Men dei siste åra har me berre vore seks, dei to nyaste har kome med siste året. Me samlast anna kvar veke.

I mange år var gruppa samla i bedehuskjellaren på Vaksdal, dei siste åra har me vore heime hos Liv Sæther, fortel Erna. -Me les i Bibelen, snakkar om det me har lese, bed saman og avsluttar med eit enkelt måltid. Det er alltid ein som har ei opning av samlinga, og alle gjev eit lite beløp som gåve til bedehuset.

Det har alltid vore misjonsforeining for Misjons-sambandet på Vaksdal. Ho låg nede ei tid, men for 25



Erna ved døypefonten der ho vart døypt.

år sidan vart ho aktiv att og Erna var fortsatt med. -Me er seks i foreininga no, har basar ein gong i året, og samlar inn om lag 40-50.000 kr. til misjonsarbeidet kvart år.

## Jul

Dei seinare åra har Erna reist rundt og feira jul saman med borna, meni år skal ho vere heima saman med ein del av familien. - Då går alle på julegudstenesta her i kyrkja, slik me har brukt å gjere kvart år, og då kjem



Bibelgruppa er eit viktig fellesskap for Erna. Siste gongen dei var samla i november var fire av dei seks medlemmane med. Frå venstre: Liv Sæther, Albert Tolås, Jorunn Olsen og Erna.

gjernne born og barneborn og hit for å få ho med seg.

I barndomen hadde dei ei enkel julefeiring, seier ho. -Me var mange i heimen, og hadde liten plass, og me hadde ei enkel julefeiring. Men juleribba som mor laga var veldig god, det hug-sar eg. Og bestefaren min, som kom frå Tyskland, var den fyrste på Vaksdal som hadde pynta juletre i stova, vert det sagt. Folk kom opp til huset og kikka inn gjennom vindauga for å sjå treet og lysa som var festa til det. Då eg vaks opp fekk gjerne treet stå til eg hadde fødselsdag 5. februar, for då skulle alle naboborna koma på julebesøk. Men då var det knapt ei barnål att på treet då dei bar det ut!

**Intervju/tekst:**  
**Frode Kvamsøe**

## Dikt

Ein morgon for nokre år sidan, då Erna gjekk ut på altanen, kom desse linjene til henne:

*Solen som stiger bak  
høgreiste fjell  
varmer mitt ansikt og  
gjør meg så vel.  
Jeg takker for dagen  
som kommer nå  
og dager som kommer -  
mange eller få.*

*Jeg kan ikke fatte at Gud  
har meg kjær,  
at han kan elske meg  
slik som jeg er.  
Smittet av vantro og  
ofte av tvil;  
Han møter meg dog med  
sitt kjærighetssmil.*



# Reformasjonsjubileet i Sta

Me valgte å feire at det er 500 år sidan reformasjonen med ei gudsteneste på sjølve Reformasjonsdagen 31. oktober.

Gudstenesta var lagt til kommunens eldste kyrkje, og var ei felles gudsteneste for alle kyrkjene i Vaksdal. Det var i godt samarbeid med Stamnes skule.

Med gudsteneste 17:30 var det nok litt tidleg for dei som kom frå arbeid i byen på ein kvardag, og litt seint for skuleborna. Men gudstenesta var likevel godt besøkt med folk frå fleire kyrkjelyder. Her kom sjølvaste Martin Luther gåande inn i kyrkja i sort kappe og skråstilt lue saman med prostipresten Jostein Skutlaberg. Han hang opp dei 95 tesene sine framme i koret slik han gjorde på denne dagen for 500 år sidan på Slottskyrkjedøra i Wittenberg i Tyskland. Så leste han frå dei mest sentrale tesene han skreiv mot misbruket i kyrkja når det gjeld å selje avlatsbrev der folk skulle få ei lettere straff i skjærselden.

Luther vart og intervjuet i preika av Skutlaberg om nokre av dei viktigaste elementa frå reformasjonstida for 500 år sidan og om kva det som då



Reformasjonsjubileum på Stamnes 2017.

skjedde har å seie for oss som lever i 2017. Etter preika gjekk Luther sin veg, medan sokneprest Edvard Bø dukka opp og forretta siste del av gudstenesta.

Stamnes skule stilte opp

med skulekoret under leing av Hege Eide Vik. Koret song to salmar: Herre eg inderleg ynskjer å fremje di ære med folketone frå Eksingedalen, og to vers av Vår Gud han er

så fast ei borg. Elevar hadde òg laga store fine Lutherrosar som var hengd opp i kyrkja. Mot slutten av gudstenesta underviste nokre elevar fram oss den fine symbolikken i

## Vossagospel på Nesheim

Koret Vossagospel held naturleg nok til på Voss, men då dei og har songarar frå Eksingedalen vart dei spurte om å ha ein konsert i Nesheim kyrkje. Fyrste måndagen i oktober kom dei, og dei over 50 betalande tilhøyrarane fekk med seg ein svingande og livleg gospelkonsert. Koret song alt frå gospelklassikarar til Elvis og Bjørn Eidsvåg. Det var vanskeleg å få teke eit skarpt bilete av koret, for dei sto jo ikkje i ro då dei song! Men her er nokre av dei over 60 songarane i koret. Solisten til høgre er Svein Tollefsen frå Gullbrå.





# Stamnes kyrkje

# Lutherjazz



Olav Arne Steinkopf har komponert nye melodiar til mange av Luther salmane som vart framført, denne kvelden. Han deltok som orkesterleiar og spela sjølv fengande flotte jazz-rytmar på flygelet.

Me fekk oppleva mykje flott song i kyrkja denne kvelden. Det lokale koret Kilden var med og song i prosjektkoret som elles besto av songarar frå Samnanger Arna og Fana.

denne rosa som var Martin Luther sitt personlege segl. Med det stempla han breva sine. I rosa kunne me sjå kors og hjarte, samt at fargane blå og gull kunne peike på him-

melen og guds herlegdom Me sang mange gamle fine Luthersalmer i gudstenesta og den musikalske leiinga var ved vår nye kantor James Reed.



Etter konserten var soknerådsleiar i Dale sokneråd Britt Kydland framme og takka for ei flott oppleving. Blomar vart delt ut til musikanter.

## Vil du vere FORSONGAR i jula?

I høgtidsgudstenestene 1. og 2. juledag ynskjer me som vanleg å ha med forsongarar. Det krevst ikkje meir av deg enn at du likar å syngje – og greier å lese noter. Vil du vere med, så møter du i kyrkja ein time før gudstenesta. Det er og mogleg å få notane tilsendt på mail på førehand, viss du vil førebu deg.

Gjeld det gudstenesta på Dale 1. juledag og Stamnes 2. juledag sender du epost til James.

Gjeld det Bergsdalen 2. juledag sender du epost til Anton.

Adressene finn du på side 2.

## Edvard er 60!



Om få dagar – om Kyrkjebladet har kome ut når det skal – fyller sokneprest Edvard Bø 60 år. Datoen er 10. desember. Kyrkjelydar og medarbeidarar gratulerar!

Norges Korforbund Hordaland  
inviterer til  
**NYTTÅRSKONSERT**  
i Vaksdal kyrkje  
søndag 14. januar kl. 18.00.

Gåvemottaker for  
Nyttårskonsertane 2018  
er Kirkens Bymisjon.  
[www.kor.no](http://www.kor.no)

# Den nyaste organisten vår



Anton ved pianoet, fotografert på sin 41-årsdag!

## Anton Proskurnin er den nyaste organisten vår.

Anton vaks opp i byen Monchegorsk, om lag 135 km sør for Murmansk. Det er ein liten by, seier han - og legg til at det bur omlag 70.000 menneske der. Byen sitt namn har røter i det samiske språket, og tyder «vakkert fjell». Byen ligg på ei slette, men har høge fjell i aust, sør og vest. Det er ein stor nikkelfabrikk litt utanfor byen, noko som gjer at området har ganske høg grad av forureining. Før Sovejetunionen vart oppløyst var det ikkje noko kyrke i heimbyen hans, men dei seinare åra har det kome det.

Foreldra hadde stor platesamling. Mora var pianolærer, og faren interessert i klassisk musikk. Anton har alltid likt å høyre på orgel i tillegg til klassisk musikk elles, fortel han. Ein gong overtok han ei stoveorgel, med to manualar og pedalar, og då fekk han verkeleg prøvd seg på orgelspeiling

- Då eg var 15 år flytta eg til

Murmansk for å gå på musikkollege. Der studerte eg piano i fire år. Så fekk eg plass på universitetet, på musikkfag, og var der i fem år. Etterpå slo eg meg til i byen, og underviste i piano og musikkteori, og arbeidde som musikalr.

Anton fortel vidare at han mellom anna spela i ein jazzkvartett i Askvoll, og då han var yngre spela han keyboard i eit hardrock-band som kalla seg «Banana skin». Me var ganske populære i Murmansk-området, fortel han. - Men eg spelar og gitar, det hadde eg som andre-instrument då eg studerte.

- Så vart eg spurt om å vere med på eit prosjekt i høve Riksteateret sitt 60-årsjubileum i 2009. Det var eit prosjekt over fire månader, dei tre siste reiste m over heile landet, frå nord til sør. Eg lika meg så godt i Noreg då, at eg ynskte å få meg arbeid her - helst på Vestlandet.

I 2012 fekk han jobb som kantor i Askvoll, og var der fram til han kom hit 1. november.

Anton har leigd eit lite hus i Dale sentrum, og der



Anton var visst musikalr alt som 4-åring. Her saman med søstera Olga.


bur han saman med katten Masyk. Han er glad i å stå på ski, og fortel at då han budde i Askvoll hendte det at han reiste til Myrkdalen for å stå på ski der. - Og så likar eg å lese bøker, særleg Gilbert Chesterton sine bøker - han som mellom anna har skriva om Fader Brown. Elles les eg helst vitenskaplege bøker, men likar og å reise, fortel han.

Det er ikkje berre orgel-

musikk det handlar om når Anton skal spele i kyrkjene våre, han vil gjerne ha både song og andre instrument med, og kor og korps.- Det er viktig å satse på lokale ressursar, seier han.

Me ynskjer Anton velkomen i kyrkjelydane og medarbeidar-fellesskapet!

**Intervju/tekst:  
Frode Kvamsøe**



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvstøtt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!



## Baby- og småborns- song på Stamnes og i Eksingedalen

På Stamnes har me hatt samlingar ein måndag i månaden, der me fyrst har hatt baby- og småborns-  
song for alle under skulealder, der barnehagen på Stamnes deltok med ei gruppe. Deretter var det prat og leik og kaffi, sosialt og kjekt!

I Eksingedalen hadde me baby- og småborns-  
song for dei under skulealder i sakristiet i Eksingedalen kyrkje under gudstenesta 22.oktober. Kristin måtte utvida med ei matte ekstra då det viste seg at heile tolv born kom for å syngja og leika ilag i kyrkja, veldig kjekt, og nett slik passelig kaotisk som det skulle vera!



## Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust har det vore babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og på Vaksdal torsdagar. Trusopplærar Kristin har leia samlingane, som består av song og regler, og ein nyttar ulike effektar som rytmeinstrument, stoff, såpebobler og spruteflaske(!). Mange har tatt turen innom, både i bedehuset på Dale og i konfirmantrummet i Vaksdal kyrkje. I tillegg til at det er tydeleg at borna har utbytte av samlingane (og søv veldig godt etterpå...), er nok òg fellesskapet med andre småbornsforeldre ein viktig faktor for at mange kjem att fleire gongar. På Dale dukka det til og med opp eit par kaninungar eine gongen, noko som vekte både nysgjerrigheit



Ingeborg syntest det var spennande med kaninbesøk under lunsjtreffet.



Helen Olivia og Lukas veit kva som gjeld når såpeboblene er i gong!

og glede hjå borna. Me held fram med slike samlingar på torsdagar, frå februar av. Sjå meir info under «Vegen vidare».



**Utdeling av Nytestamentet på Stamnes, Vaksdal og Eidsland:** Tiåringane frå Stamnes og Vaksdal sokn har fått Nytestamentet under kvar si gudsteneste i haust.

## Adventsleirar på Fagertun

I år blei det niåringane som fekk invitasjon til adventsleiren for 4.-7.klasse på Fagertun. Det var så mange som ville på leir førre gong at me no delte opp i to leirar. Desse blei også heilt fulle, og over seksti born til saman var på leir, veldig kjekt at så mange ville vera med! Dette er eit samarbeid mellom trusopplæringa i Vaksdal og Norges Samemisjon, som eig og drif-  
tar leirstaden Fagertun i Eksingedalen. I Eksingedalen var det både bibeltimar, leirkvelder, snøleik og god mat, og både deltakarar og leiarar hadde fine helger der oppe!

## Samlingar og utdeling av bok til 4-åringar

Fireåringane i alle bygdene har fått fireårsbøker under kvar sine gudstenester i haust. Desse gudstenestene prøver me å tilpassa borna mest mogleg, både når det gjeld innhald og lengde. I dei fleste bygdene var det òg fireårssamlingar der borna dekk laga seg kvar sin adventskalender. I Eksingedalen var utdelinga så tidleg at det ikkje blei naturleg å laga adventskalender, men der blei det ei samling med baby- og småbornssong i staden.



4-årsbok: 4-åringar i Dale kyrkje.



4-årsbok: 4-åringar i Eksingedalen kyrkje.



4-årsbok: 4-åringar i Stammes kyrkje.



4-årsbok: 4-åringar Vaksdal kyrkje.



4-årssamling: Her er ein konge som skal gå stjernevegen heilt til 24. desember. Då er han framme ved krybba der Jesusbarnet ligg.




Konfirmantpresentasjon på Stammes.

## Konfirmantane

Konfirmantåret 2017-2018 er godt i gong, og konfirmantane har allerede delteke på fleire ulike aktivitetar. Konfirmantane på Eidsland og i Eksingedalen sokn fylger opplegget i Modalen, der dei òg går på skulen. Dei tre konfirmantane i Nesheim sokn har eit eige opplegg, men har og somme arrangement saman med dei i Modalen og resten av Vaksdal-konfirmantane - Her kjem eit knippe bilete som visar litt av det fyrste halvåret som konfirmant i Vaksdal.



Me hadde tre lag på den årlege nattcuppen i fotball i Bergen. Dei to jentelaga kom til semifinalen. Her er det Hedda som er i aksjon.



Konfirmantane frå Vaksdal og Modalen var fordelt på tom leirar på Fagertun i haust.

# Stamnes Barnekor - eit populært kor på sekstende året!

Stamnes Barnekor starta opp med friskt mot i oktober 2001 og er eit kor for barn frå 4 år og oppover. Det var Ola D. Kvamme som kom på idèen om å ha eit barnekor på Stamnes. Det viste seg å vera ein god idè for koret er like populært i dag 16 år etter oppstart. I løpet av desse åra har nærare 100 born vore med i koret, mest born frå Stamnes-bygda, men òg frå andre stader i kommunen.

Stamnes barnekor har øving i Stamnes Bedehus kvar torsdag frå september til vinterferien. Øvingane startar kl. 17.00 og varer til kl. 18.00. Dei siste åra har koret hatt mellom 18-22 medlem.

Barnekoret syng varierte singlar. I løpet av øvinga får borna høyra ein kort andakt og er med på ei økt med songleik og felleleik. Etterpå er det godt med eit glas saft til alle.

Ved oppstart av Stamnes barnekor vart det laga eit formål som ligg til grunn for arbeidet:

- Å gjera barn glad i å syngja.
- Å fremja kunnskap om song.
- Å knyta barn og foreldre til kyrkjelyden på ein positiv måte

Koret er tilknytt organisasjonen «Ung Kirkesang».

I mange år var kantor Tone Synnøve Steinkopf den musikalske leiaren i koret med Olav Arne Steinkopf ved pianoet. No har songpedagog Hege Eide Vik overteke som dirigent og den nye kantoren James Reed spelar piano.

Koret opptrer på familiegudstester i Stamnes kyrkja fleire gongar for året. Barnekoret er også eit fast innslag på Stamnes Bedehuset sin årlege basar og på adventskonserten i bygda. I år kunne ein oppleve fin barnesong på «Blanke Messingen» sin haustkonsert på Stamnes skule.

Barnekoret har også vore med på leirar og andre samlingar. Då får dei eldste borna tilbod om å vera saman med andre kor som alle er tilslutta «Ung Kirkesang».



Ei vanleg korøving i Stamnes bedehus.



Stamnes barnekor syng på Gudsteneste i Stamnes kyrkje



Dirigent Hege Eide Vik og kantor James Reed i aksjon.


I ekteparet Steinkopf si tid spelte Stamnes barnekor inn ein CD med singlar på nynorsk til 4-åringane si kyrkjebok.

Kva er så grunnen til at Stamnes Barnekor har halde fram år etter år sidan 2001? Forklaringa ligg i fleire suksessfaktorar:

For det fyrste er det ein låg terskel for borna å begynna i koret. Vidare har koret gode musikalske medspelarar og

tre stabile vaksenleiarar som delar på ansvaret : Eidrun Straume Normann, Ragnhild Gravdal og Liv Eli Seime Stamnes.

Foreldra spelar ei svært viktig rolle i koret. Både foreldre og besteforeldre er flinke til å syta for at borna kjem på øvingane og på ulike framføringar. Kvart «barnekor-år» vel foreldra ein representant som organiserer foreldregruppa slik at det



alltid møter opp ein frå heimane som etter tur hjelper til med det praktiske. Dei blandar saft og vaskar golvet i øvingslokalet. Representanten i år, Nieves Tur, kan også koma med innspel på vegna av foreldra og vert invitert med på minst eitt styremøte for året.

Stamnes Barnekor har ei eiga facebook- gruppe for informasjon mellom leiinga og foreldra.

På spørsmål om kva borna syns om det å vera med i Stamnes barnekor, svarer dei følgjande:

«Det er kjekt å syngja og gleder andre med song. Det er fint at me får høyra forteljingar frå Bibelen og læra om Gud og Jesus. Særleg kjekt er det når me får vera med på rollespel. Me likar at alle får trekkja eit kort og får velja ein leik etter tur. Kult at me har ein engelsk pianist. Det er godt med saft etter øvingane. På siste samlinga før vinterferien får me utdelt diplom og pins.»

Stamnes Barnekor har god plass til fleire born. Alle er velkomne, både jenter og gutar.




Her er nokre glade singlar som syns det er kjekt å vera med i Stamnes barnekor. Bak frå venstre: Casandra Johnsen Fenne, Henriette Nybøe, Emma Linnea Mo Lilletvedt Framme frå venstre: Samuel Gravdal og Albert Tur Amundsen.

## Kva skjer på VEGEN framover?

### Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I vår som i haust vert det babysong (kl. 10-11), lunsjtreff (kl.11-12) og småbornssong (kl. 12-13) på Dale og Vaksdal på **torsdagar**. Me startar opp torsdag 1.februar i Dale bedehus fyrst, og er i Dale bedehus kvar torsdag til og med 22.mars. I Vaksdal kyrkje startar me opp 5.april og har samlingar kvar torsdag til og med 31.mai. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusoplærar Kristin Straume Audestad.



### Baby- og småbornssong på Stamnes og i Eksingedalen

Også i vår vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes og i Eksingedalen. På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein måndag i månaden, datoar vert annonsert seinare. I Eksingedalen vert samlinga i sakristiet i Eksingedalen kyrkje den 15.april, med kyrkjekaffi etterpå saman med dei som har vore på gudsteneste.

### Lys Vaken

27. til 28. januar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med!

**LysVaken**



### Tårnagenthelg

10. til 11. februar vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgåver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølv sagt står ein tur i kyrkjetårnet også på planen! Søndagen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før.

### Utdeling av Nytestamentet til 11-åringane på Dale

Under Lys-Vaken-gudstenesta i Dale kyrkje 11.februar vert det òg utdeling av Nytestamentet til alle elleveåringar som høyrer til Dale sokn. Denne kan dei sjølv sagt koma på uansett om dei er med på resten av Lys Vaken-opplegget eller ikkje!


### Nytt barnekor for 4-8-åringar på Dale og Vaksdal

Til våren startar me opp barnekorarbeid i bygdene Dale og Vaksdal igjen! Dette blir ein annan type barnekor enn me har hatt i desse bygdene i det siste, sidan det er andre folk som skal leia det. Trusoplærar Kristin og kantor Anton Proskurnin kjem til å leia dette koret. I perioden 31.januar til 21.mars er det barnekor for born 4-8 år onsdagar kl 17-18 i Dale kyrkje. I perioden 4.april til 30.mai er det barnekor for born 4-8 år onsdagar kl. 17-18 i Vaksdal kyrkje.

Me satsar altså primært på å invitara born frå fire til åtte år til å vera med i barnekor no i fyrste omgang. Born frå alle bygdene er sjølv sagt velkomne til koret, fet er ikkje slik at når koret er på Dale er ikkje dei frå Vaksdal inviterte. Men per no har me ikkje ressursar til å drive kor begge stadar samstundes, så me håpar at dei som ynskjer å delta begge stadar, kan laga seg ei skyssordning. For meir og oppdatert info om dette: Fylg den nyoppretta facebook-gruppa «Korskulen i Vaksdal». Der kjem det påminning når det nærmar seg oppstart av koret.

### Juleverkstad

i Vaksdal bedehus  
laurdag 9. desember  
kl. 11.00.



## Tankar frå trusopplæraren

Tankar frå trusopplæraren ja... Problemet til trusopplæraren er at eg har litt for mange tankar! Og når eg i tillegg har mange uavslutta oppgåver som ventar, er det veldig vanskeleg å konsentrera seg om ein ting om gongen og gjera den ferdig, før eg tek for meg neste oppgåve. Sjølv om eg veit det er det som skal til for å verta ferdig med ting...

No før jul er det vel mange som kjenner på det same. Ting ein ikkje har fått gjort (presangar som må kjøpast, krokar som må vaskast, brev som må skrivast) surrar oppe i hovudet, ropar på merksemd og tappar ein for energi. Energi som ein i grunn treng for å gjera det mest naudsynte. Då prøver eg å tenkja på kva som er viktigast. Prioritera. Og kjem igjen tilbake til det viktige: menneska. Å bruka tid med menneska ein er glad



i, er noko av det viktigaste ein gjer. Både i jula og elles. Ein måte å avslutta ugjorte oppgåver på, så ein klarar å fokusera på det viktige, er å bestemmas seg for at ein

ikkje skal gjera dei. Det er nok ein del ting som ein går og føler at ein burde gjort, som ikkje er nødvendig. Dei få matrestane som har sneke seg bak komfyren,



taklar nok å liggja der i eit år til (det kan henda dei til og med kosar seg, og formerer seg der!). At juleduken er litt krøllete, viser ikkje når den er oppdekka med det fine juleserviset! Og julekorta MÅ ikkje skrivast for hand (med mindre du har glede av å skriva dei for hand!). Nei, set på ein julesalme på Spotify, inviter folk på uformelle spontanbesøk, senk skuldrene og hev taket. Og tenk på Han som låg på høyet i ein stall, og kikka rundt seg med store auge, Han som både visste og ikkje visste på same tid. Han som hjelper oss til å fokusera på det viktigaste, og gløyma det trivielle. Han som er glad i deg, slik du er, faktisk! Eg ynskjer deko alle ei god jul i vente!

Kristin

**Konfirmantane i Vaksdal og Modalen inviterar til**

# Det store salmeslaget


**i Vaksdal samfunnssal**  
**laurdag 3. februar**  
**kl. 20.00**



### KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



# 50- og 60-årskonfirmantar



**50-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje 2017.** Første rekke frå venstre: Hild Faugstad Himle, Elin Høyseter Holdhus, Frøydis L. Blomdal, Mari Ann H. Audestad, Åse Jacobsen, Edvard Bø. Andre rekke frå venstre: Jan Kristian Tolås, Anders Helle, Per Hisdal, Ola Faugstad, Kjell Magnussen, Øyvind Olsnes.



**50-årskonfirmantar Dale.** 1. rekkje fr Stavland. 2. rekkje: Jostein Skutlabe



**60-årskonfirmantar Dale:** 1. rekkje frå venstre: Bjørg Hesjedal Leirvåg, Ingrid Kjellaug Helle Tjeldflåt, Ågot Cleveland. 2. rekkje: Torbjørn Øvsttun, Gunnar Røe. 3. rekkje: Jostein Skutlabe, Gunnar Dankertsen, Arne Røe




**50-konfirmantar og årets konfirmantar på Stamnes:** Framme årets konfirmantar Jenny-Shakira Folkestad og Mona Elisabeth Høines Ulevik. Bak: Mons Stamnes, Rune J Nesheim, Jomar Flatekval, Jorunn Dyvik Tellevik, Torunn Mo, Bjørg Nesse.





Bilde frå venstre: Jutta Takvam, Bjørg Fossmark, Inge Haugland, Marit Thorkildsen, Jane Mehush, Sverre Hlaberg, Sigrunn Tveiterås, Berit Lange. 3. rekkje: Ole Knut Knutsen, Ottar Dalseid, Oddvar



## DET SKJER I BEDEHUSA:

### Vaksdal bedehus

**Storsamling søndag kl. 11.00**  
(Kl. 11.30: Søndagsskule i kjellaren) 10. desember, 28. januar, 25. februar, 18. mars

**Julestorsamling:**  
Onsdag 27. desember kl. 17.00



### Stanghelle bedehus

**Onsdag 24. januar kl. 19.00:**

Møte ved Asle Hetlebakke

**Onsdag 14. februar kl. 19.00:**

Møte ved Asle Hetlebakke

**BIBELHELG 17. og 18. mars kl. 18.00** ved Christian Skoge.



### Dale bedehus

**Onsdag 13. desember kl. 19.00:**

Møte ved Leiv Nesheim

og Arvid Larsen

**Onsdag 31. januar kl. 19.00:**

Bibeltid ved Ottar Dalseid

**Søndag 11. februar kl. 18.00:**

Møte ved Leif Myntevik

**Onsdag 7. mars kl. 19.00:**

Møte ved Asle Hetlebakke



**Søndag 7. januar kl. 17.00 JULEFEST!** Andakt ved Ottar Dalseid

**Bergsdalstunet**  
Bergsdalstunet  
56 59 89 34

**ATLANTIS**  
VVS & INTERIØR  
Din lokale Rørlegger i Vaksdal  
☎ 95 97 17 00

**Alt innan tømrararbeid**

**TLF. 922 65 739**

*Nordhordland*  
**Begravelsesbyrå AS**

**AVD. VAKSDAL:**  
**Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70**

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.  
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN  
Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no

## TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

## ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



## Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering



- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop  
prix**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

## Effektiv trafikkopplæring

Tlf. 913 03 491

geir@effektivtrafikk.no  
www.effektivtrafikk.no

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

## Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Bergsdalen

- 03.09 Frøya Hoddevik Fosse  
Live Nottveit Stanghelle  
12.11 Maya Terjesen-Pettersen

### Dale

- 24.09 Lionel Mykkeltveit  
Noel Wefring Johansen  
15.10 Iben Boge Rørvik

### Vaksdal

- 22.10 Marte Sandal Furubotn  
Ricard Torao-Hisdal  
12.11 Viljar Wesley Wefring  
Sarah Skånevik Vasstveit  
Anna Hanevik Isaksen



## VIGDE

### Vaksdal

- 26.08 Guro Marie Byrkje og Sindre Amundsen Hansen



## DØDE

### Dale

- |       |                            |      |
|-------|----------------------------|------|
| 24.08 | Arnhild Farestveit         | 1948 |
| 19.09 | Aud Bruvik                 | 1925 |
| 20.09 | Marie Arne                 | 1920 |
| 27.09 | Inga Birkeland             | 1937 |
| 15.10 | Svein Norvald Helle        | 1943 |
| 10.11 | Ragnhild Nortvedt Hesjedal | 1951 |

### Eidsland

- |       |                      |      |
|-------|----------------------|------|
| 17.10 | Inger Johanne Møster | 1932 |
|-------|----------------------|------|

### Vaksdal

- |       |                         |      |
|-------|-------------------------|------|
| 20.08 | Agnes Halland           | 1922 |
| 17.09 | Trygve Kornelius Uthaug | 1919 |
| 19.09 | Tore Knutsen            | 1965 |
| 21.09 | Magnar Herfindal        | 1936 |
| 05.10 | Liv Johanna Thomassen   | 1943 |
| 31.10 | Birger Tolås            | 1927 |
| 20.11 | Trygve-Egil Thom        | 1931 |
| 22.11 | Berit Oddny Tefre       | 1942 |



## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler  
via telefon og internett, likevel er det ein av  
tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.

### Laurdag 9. desember

NESHEIM KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Audestad, Kvamsøe, konfirmantane m/fl. Kyrkjekaffi.

### Søndag 10. desember - 2. søndag i adventstida

EIDSLAND KAPELL kl. 16.00. Lysmesse. Kvamsøe og konfir-  
mantar. Nattverd. Kyrkjekaffi.

### Søndag 17. desember - 4. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal, men konsertar. Les om dei andre  
stader i bladet

### Søndag 24. desember - Julaftan

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.  
STAMNES KYRKJE kl. 13.00. Julegudsteneste. Bø.  
EIDSLAND KAPELL kl. 13.00. Me syng jula inn.  
DALE KYRKJE kl. 15.00. Julegudsteneste. Bø.  
DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Bø.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

### Måndag 25. desember - Juledag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal  
og Dale sokn. Bø og Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Forsongarane  
møter kl. 10.00.

### Tysdag 26. desember - 1. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp.  
STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.  
Dåp. Nattverd.

### Søndag 31. desember - Nyårsaftan

STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Minnegudsteneste, felles for heile  
Vaksdal. Kvamsøe.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 23:15. Midnattsmesse. Kvamsøe.

## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Måndag 1. januar** - Nyårsdag  
Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Søndag 7. januar** - Kristi openberringsdag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

**Søndag 14. januar** - 2. søndag i openberringstida  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.

**Søndag 21. januar** - 3. søndag i openberringstida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

**Søndag 28. januar** - Såmannsøndagen  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Lys Vaken-helg.  
Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 4. februar** - Kristi forklaringsdag  
Ingen gudsteneste i Vaksdal.

**Søndag 11. februar** - Fastelavnssøndag  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Tårnagenthelg.  
Bø. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.

**Søndag 18. februar** - 1. søndag i fastetida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

**Søndag 25. februar** - 2. søndag i fastetida  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 4. mars** - 3. søndag i fastetida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

**Søndag 11. mars** - 4. søndag i fastetida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Borna sin påskedag. Audestad og Kvamsøe.

**Søndag 18. mars** - Maria bodskapsdag  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

*Dâp = Høve til dâp i gudstenesta.*

*Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar og tillegg.*



*Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osteroy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*